

Fra: Tor Anders Hauge (toanhaug@bkkfiber.no)

Sendt: 30.01.2015 17:30:11

Til: Anne Vedvik

Kopi:

Emne: Re: Sender e-post: HFK

Vedlegg: image001.PNG;image002.PNG;[@-0cb6874f4577ac7195855418c346071eMTc5NDV8

LTF8YW5udmVkdg==@].png

Hei.

NT avd Hordaland har gjennomgått forslag til endringer i køyrereglementet og vil påpeke følgende punkt :

- det er svært omfattende
- det er vanskelig og krevende å uttale seg om
- Nt avd Hordaland ser ikke behovet for et slikt reglement
- Og ikke minst, dersom løyvemyndigheten trenger opplysninger om den enkelt løyvehaver, må løyvemyndigheten henvende seg direkte til løyvehaver og ikke til den sentral han er tilsluttet.

Mvh

Tor Anders Hauge
Leder NT avd Hordaland.

From: [Anne Vedvik](#)

Sent: Friday, January 02, 2015 11:21 AM

To: ['Tor Anders Hauge'](#)

Cc: ['Arve Halvorsen'](#)

Subject: Sender e-post: HFK

Godt nytt år!

Me viser til Dykker brev av 17.12.2014.

Til orientering kan me opplysa at sentralane i Bergen köyreområde har fått utsett svarfrist på forslag til endringar i køyrereglementet til 1. februar 2015. Forslaget har då vore på høyring i 3 månader.

Ein vil ikkje behandla endringar i reglementet i samband med drosjeevalueringa i

Samferdselsutsvalet i januar, men ein tar sikte på å behandla reglementet og eventuelle endringar i eiga sak seinare.

Vårt brev av 30.10.2014 vart på vanleg måte sendt i kopi til Norges Taxiforbund avd. Bergen v/Arve Halvorsen og til avd. Hordaland v/Berit Jacobsen. Etter dei opplysingar me har, representerer Arve Halvorsen fylkesavdelinga sine medlemmer i Bergensområdet, medan du som leiar i fylkesavdelinga representerer alle medlemmer i Hordaland utanom Bergensområdet. Frå tidlegare representant for taxiforbundet sine medlemer i Norgestaxi Bergen, Magne Lerstad, har me fått opplyst at Berit Jacobsen representerer fylkesavdelinga sine medlemer i Norgestaxi Bergen særskilt, etter at han gikk over til Bergen Taxi. Utover dette kjenner me ikkje til korleis representantane for taxiforbundet internt handsamar post frå samferdselsavdelinga.

Me har ikkje tidlegare mottatt reaksjonar på framgangsmåten med å senda post til sentralane i Bergensområde, i kopi til lokalavdelingane av taxiforbundet. I fleire høve har me mottatt uttale frå taxiforbundet som har vore med i vårt vurderingsgrunnlag. Me har ikkje tidlegare fått reaksjonar på at Berit Jacobsen har vore nytta som representant for avd. Hordaland. Dersom det er slik at du som leiar for fylkesavdelinga er rette vedkomande for post til medlemmene i andre sentralar enn Bergen

Taxi, bed me om å få dette stadfesta og me vil endra våre rutinar.

Norges Taxiforbund sine lokalavdelingar som har mottatt brevet i kopi, har óg uttalerett.
Samferdselavdelinga vil ta alle innspel opp til vurdering.
Fristen er forlenga til 1. februar for alle, dette gjeld óg for taxiforbundet sine representantar.

Venleg helsing

Anne Vedvik
Seniorrådgjevar
Samferdselsavdelinga | Forvaltningsseksjonen

 hfklogo-epost3

Tlf: 55 37 80 56
www.hordaland.no

Fra: Tor Anders Hauge [mailto:toanhaug@bkkfiber.no]

Sendt: 29. desember 2014 20:23

Til: Anne Vedvik

Emne: Sender e-post: HFK

Hei og riktig god jul. Kunne du ha levert vedlagt brev til rette person hos dere . Takk for det gamle og riktig godt nyttår.

Mvh

Tor Anders Hauge
Leder NT avd Hordaland